

# Årsmelding Sandøy Energi AS 2010



Året 2010 hadde ein iskald start i januar og februar, og ein like iskald november og desember.

Aldri før har det vorte brukt så mykje elektrisk energi i Sandøy.

I 2010 vart det brukt 27,4 gWh., mot tilsvarende 22,2 for 5 år sidan. Auke på 23%.

Sprengkulda førte også til rekordhøge kraftprisar.

Trass i sprengkulde koste fugle- og dyrelivet seg skjærgarden. Ikkje noko å utsetje på badetemperaturen.



# Årsmelding frå styret

---87. driftsår---

Sandøy Energi AS held til på Harøy i Sandøy Kommune, Møre og Romsdal.

Sandøy Energi AS vart omorganisert til AS 1. juli 1997. Selskapet er ei vidareføring av det gamle kommunale everket, Sandøy Elverk. Kraftomsetninga i Sandøy Elverk vart frå 30. desember 1996 skilt ut og overført til det nystifta Nordvest Kraft AS (NvK). Her er vi pr. dato medeigarar med 5,9%. Våren 2011 er Nordvest Kraft AS vedtatt solgt til Tafjord Kraft AS. I 2002 vart tilsynsaktiviteten ved everket overført til nystifta selskap, Elsikkerhet Møre AS. I 2009 vart selskapet utvida ved at Tafjord Kraftselskap og Tussa Kraft AS kjøpte seg inn i selskapet med kvar sin tredjepart. Tilsynsområdet strekker seg med det frå Stad i sør til Ona i nord. Sandøy Energi AS sin eigarandel er med dette endra frå 4,4% til 1,46%.

Den 8. desember 1997 danna Sandøy Energi AS dotterselskapet Sandøy Vindkraft AS. På dagen 2 år etter vart den første mølla satt i drift, og dei resterande fire møllene i tur og orden.

Meir om dette selskapet i eiga årsmelding.

Selskapet sitt føremål er å drive omsetjing og overføring av energi i lokalnettet. Selskapet skal vidare drive tilknytta verksemd som elektrisk installasjon og div. tenesteyting.

Målet elles er å framskaffe rimelege og sikre tenester i lokalsamfunnet.

## Året 2010:

Finanskrisa som ramma verdsøkonomien, kom som eit sjokk på dei fleste hausten 2008. Vi har no levd med krisa i eit par år, og aktiviteten har stagnert på eit lågare, og kanskje eit meir sunnare nivå. Dette har vi også merka. Særleg deler av det maritime næringslivet i Sandøy har hatt ordretørke ei tid. Enkelte ser nytt lys i tunnelen gjennom ordretilsig. Det blir spanande å følge med.

Dei to siste åra har vi hatt inne opptil 4 leigearbeidarar for å kunne ta etter aktiviteten på installasjon. Gjennom 2010 har vi fasa ut alle saman. Aktiviteten er no på normalen igjen for både nett og instalasjon.

Årleg blir Sandøy Kommune heimsøkt av sterke vindar som slit sterkt på linenettet. Dei to siste åra har imidlertid vore uvanleg rolege. I 2010 førde dette til den lågaste produksjonen som har vorte registrert ved vindmøllene våre.



2010 vart også det kaldaste året på 25 år, vi hadde lite nedbør, og i Noreg vart det brukt straum som aldri før. I 7 av 10 dagar måtte det til import frå utlandet, noko som førte til skyhøgeprisar både i januar/februar og november/desember. Det kan også nemnast at i vårt område var prisen sist vinter i 9 av 10 dagar vesentleg høgare enn på austlandet.

Fullmåne og frostrøyk i Røsokehamna.

I inntektsrammesystemet er det parameter på kystnærheit som skal ta omsyn til ekstraordinær slitasje og korrosjon. I møter med regulator (NVE) har vi hevda at parameteret, slik det er utforma, ikkje fanger tilstrekkeleg opp vår situasjon. I tillegg har vi funne feil ved utrekninga av kystparameteret. Meir om dette under resultat og finansielle tilhøve.

Som nemnt over har arbeidssituasjonen vore svært stram over fleire år. Takka vere stor innsats og positive haldningar frå dei tilsette, har vi klart å yte tilfredsstillande service til kundane.

### **Resultat og finansielle tilhøve.**

Sandøy Energi AS fekk eit driftsresultat før finans og skatt på kr. 2.420.000,- mot eit minus på kr.191.000 i 2009. Det er godt for alle at året 2009 er eit tilbakelagt kapittel. Det var spesielt installasjon som kom dårleg ut, men denne aktiviteten er no på rett kjøll igjen. Dette er bra, for installasjon og handel har i alle år vore med på å skaffe energiverket alternative inntekter til drifta. Desse aktivitetane er positive, og hevar samstundes servicenivået i lokalsamfunnet.

Nettdrifta har hatt nokre økonomisk tunge år pga. endra vilkår for inntektsramma frå 2007. Noko måtte vere feil. Administrasjonen har brukt mykje energi på å påvise dette, men det har tatt tid for å få avklaring med regulator (NVE). Først i 2009 har ting lausna og ramma for 2010 er til å leve med. Vi har fortsatt ei klage inne på kystparameteret som ikkje er avklart.

Ved omdanning frå kommunalt selskap til aksjeselskap vart 7,4 mill.kroner av eigenkapitalen omgjort til ansvarleg lån til det nye selskapet. I 2010 vart eigenkapitalen ytterlegare nedskrive med 6 mill.kr. ved å auke det ansvarlege lånet til 13,4 mill.kr. Finanskostnad av dette lånet er utgiftsført med kr. 560.000,-. Det er mottatt kr. 200.000,- i utbytte frå Sandøy Vindkraft.

I samband med refinansiering av dotterselskapet Sandøy Vindkraft AS, har Sandøy Energi AS stilt pantsikkerheit i nytt lån, stort kr. 10.251.000,-.

Årets resultat på kr. 1.796.996,- foreslår styret å disponert slik:

Avsatt til utbytte	Kr. 530.000
Overført annan eigenkapital	Kr. 1.266.996

### **Organisasjon.**

Organiseringa av selskapet er i tråd med aksjelova, og formalkrav for ulike verksemdsområder.

Krava frå sentrale styresmakter har ført til heving av tilsette sin kompetanse samt utskifting av teknisk utstyr.

Sandøy Energi AS er tilslutta bedriftshelsetenesta i "Hjelp 24 NIMI AS". Gjennom denne får selskapet ekstern vurdering av teknisk arbeidsmiljø, i tillegg til årleg helsekontroll for dei tilsette.

Systemet i internkontrollen vart vidareført frå det gamle selskapet ved overgangen til SE.

Det blir lagt vekt på å utvikle selskapet etter dei mål eigaren har.

Vi har registrert 1 tilfelle av arbeidsskader i 2010.

Selskapet forureiner ikkje det ytre miljø. Restavfall blir handsama i tråd med gitte krav. Selskapet har ved årsskifte 2010/2011 13 tilsette; 11 menn, 2 kvinner pluss 1 lærling på installasjon. Styret har ut frå selskapet sin storleik, type aktivitet og stillingskategorier, ikkje funne det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med hensyn til likestilling.



Vi har ikkje registrert unormale tilhøve vedkomande sjukefråværet. Sjukefråværet vart på 2,88% mot 1,84% i 2009. Sandøy Energi har oppretta IA (inkluderande arbeidsliv) i samarbeid med NAV trygd. Samarbeidet med NAV har vore vellukka.

Jørgen Ask Bakke (til venstre) tok fagbrev i elektrofaget hausten 2010, samtidig som Nicolai Brunvoll starta opp som lærling.



Heile staben våren 2010:

Bak frå v: Kjetil Bakås, Johannes Huse, Frode Røren, Jan Petter Harnes, Ulf Kober, Margit Sæther Sandøy, Kai André Sandøy og Henning Sandøy. Framme frå v.: Svein Ove Spholt, Morten Håheim, Magnus Sperre Tennfjord, Eivind Harnes, Jørgen Ask Bakke og Øyvind Vasstein.

## Strategi og driftstilhøve.

Pr. 31.12.10 kan forsyningsområdet opplistast slik:

Liner høgspent	14,5 km.
Sjøkabel høgspent	16,9 km.
Jordkabel høgspent	20,0 km.
Liner lågspent	52,6 km.
Jordkabel lågspent	16,5 km.
Trafoar – total yte-emne: 18,1 MVA	58 stk.

Dei siste 5 åra har vi hatt ei veldig stor investeringstakt. I 2010 har vi bremsa litt på for å hente oss inn igjen. Mesteparten av kapasiteten har gått med til å førebu nye byggefelt rundt om i kommunen.

Samla overføring i 2010 vart på 27,4 GWh., fordelt på 1018 målepunkt. Dette er ein oppgang på 0,8 GWh. (3,0%) i høve til 2009. Nok ein gong; dette er historisk den høgaste overføringa som er registrert.

*Statistikken for overføring og produksjon for siste 5 år ser slik ut:*

	2006	2007	2008	2009	2010
Energi frå overliggande nett	13.445.196	14.653.206	18.968.830	17.546.627	20.892.861
Overf. Vindkraft	8.751.821	10.402.192	8.599.190	8.058.360	6.511.684
<b>Overført totalt</b>	<b>22.197.017</b>	<b>25.055.398</b>	<b>27.568.020</b>	<b>25.604.987</b>	<b>27.404.545</b>
Overføring prioritert	18.792.657	20.995.636	20.707.157	21.961.765	22.825.240
Overføring uprioritert	1.843.071	3.436.769	3.583.216	3.293.927	3.906.380
Tap i nettet	1.561.289	622.993	3.277.647	349.295	672.925
Tap i nettet i prosent	7,03	2,49	11,88	1,36	2,45
Effekt i max.time	5.300 KW	5.370 KW	6.123 KW	6.150 KW	5.360 KW

I 2007 hadde vi ein vesentleg målefeil ved den største bedrifta i kommunen. I oktober 2008 fekk vi ein nesten tilsvarende målefeil i regionalnettet. Som ein kan sjå har det årlege nettapet vore veldig flyktande. Om ein tek snittet av åra 2007/2009 blir tapsprosenten på 5,43%.

I 2010 vart tapsprosenten på kun 2,45%. Korkje oss eller regionalnettseigar, Tafjord Kraftnett AS, kan avdekke eventuelle målefeil.

Beredskapsvakta for nett og installasjon har i 2010 tatt hand om 56 utrykkingar som har hatt slik fordeling:

17 feil på straumnettet inkl. vindmøllene, 14 feil ved privatkundar, 8 ved næringskundar og 17 ved industri. Vakta har elles ikkje registrert utrykking i samband med bilbrann/bergning.

## Installasjon og handel.

2010 stadfester fortsatt høgt nivå for installasjonstenester.

Sandøy Energi AS tek mål av seg å vere ein god og nyttig tenesteytar for alle i vårt lokalsamfunn. Vi lukkast nok ikkje fullt ut, men vi ser på dei oppdraga vi får som ei positiv tilbakemelding om at industri, næringsverksemd og private set pris på, har behov for, og nyttar våre installasjonstenester.

For å lette på presset hadde vi i ein periode i 2009 inne 4 leigearbeidarar i tillegg til eigen stab. Det var spesielt industrien og skuleprosjektet som førte til denne situasjonen, ein situasjon som skulle vise seg å koste oss dyrt med eit negativt resultat dette året. I 2010 kan vi på nytt vise til eit normalt resultat.

Tabell for omsetjing på installasjon siste 5 år:

2006	2007	2008	2009	2010
8.474.207	9.913.065	11.638.464	13.068.504	10.665.468

I tillegg til installasjon har vi aktivitetsområde for gatelys, brannordning og andre forefallande tenester.

### **Kraftomsetjing:**

Strategisk har ein tidlegare vurdert kraftomsetjinga for å vere så utsatt for konkurranse og tap, at ein måtte foreta eit val om korleis ein skulle handtere denne aktiviteten framover. Resultatet vart at samarbeidet vi hadde med andre everk, vart formalisert gjennom danning av Nordvest Kraft AS (NvK) pr. 30.12.96.

NvK si form for kraftomsetjing har vore vellukka. Frå utgangspunktet på 3 everk (5 kommuner), har det kome til fleire everk, og pr. 2008 er det i grupperinga 6 everk ( 8 kommuner).

Kraftomsetjingssselskapet har klart å møte utfordringane i den stadig skjerpande konkurransen. I stor grad har vi klart å halde på eigen kundemasse, i tillegg til at vi har fått inn ein god del kundar utanfor konsesjonsområda til everka sine nettområder.

Som nemnd innleiingsvis for dette avsnittet er kraftomsetjinga utsatt for stor konkurranse der volum er ein viktig faktor. Ut frå dette er det våren 2011 vedtatt å selge NvK til Tafjord Kraft AS for på denne måten å samle kraftomsetjing i eitt miljø i vår region.



*Lys og glede i mørketida.*

*Koseleg avbrekk i kvardagen då 2. klasse ved Harøy skule opptredde med Lucia-sang på Luciadagen den 13. desember.*

## **Framtidsutsikter.**

Som årsmeldinga gir uttrykk for har vi dei siste åra vore aktiv i omorganisering og omstrukturering av organisasjonen.

Målet er å få til eit selskap så smidig og effektivt som råd, for å støtte krava i rammevilkåra gitt av staten, samt å forbetre servicenivået ytterligare i lokalsamfunnet. Diverre har staten gjennom sin regulator NVE gitt oss store utfordringar og vanskar med å få klarheit i rettvise rammevilkår frå 2007. Selskapet har brukt mykje energi for å påvise feil og manglar ved reguleringssystemet som etter kvart har gitt resultat, men enno er ein ikkje i mål. Ei klagesak er oversendt til OED (Olje og energidepartementet).

Omstruktureringane har mål i seg om å føre selskapet vidare som sjølvstendig eining. Drifta dei siste åra viser i store trekk at ein i så måte har lukkast.

Grunnlaget for framtida skulle vere lagt for ein attraktiv arbeidsplass med attraktive tenestetilbod.

Styret meiner at det framlagde rekneskap gir ein rettvise oversikt over utvikling og resultatet for verksemda. Rekneskapen er satt opp under forutsetning om fortsatt drift,

6487 Harøy, 31. desember 2010.  
31. mai 2011

**Annlaug Knardal Myklebust**  
-styremedlem-

**Nils Magne Abelseth**  
-styreleiar-

**Sigmund Haugen**  
-styremedlem-

**Eva Kristin Fjørtoft**  
-styremedlem-

**Frode Røren**  
-styremedlem  
vald av dei tilsette-

**Svein Ove Søholt**  
-adm.dir.-

## Resultatrekneskap 2010

<b>Driftsinntekter og -kostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Kraftsal		11.767.195	6.449.199
Salsinntekter nett		8.529.948	7.761.071
Installasjon og handel		10.665.468	13.068.504
Korrigert inntektsramme frå NVE		0	948.600
Årets mindreinntekt		2.941.000	107.000
Anna inntekt		1.083.478	1.253.789
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>34.987.089</b>	<b>29.588.163</b>
Varekostnader		19.328.892	17.541.145
Løn- og personalkostnader	7	8.529.378	7.824.386
Avskrivningar		1.285.267	1.173.916
Andre driftskostnader		3.113.936	2.761.625
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>32.257.473</b>	<b>29.301.072</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>6</b>	<b>2.729.616</b>	<b>287.091</b>
<b>Finansinntekter og –kostnader:</b>			
Renteinntekter		92.633	97.480
Aksjeutbytte		253.100	0
Rentekostnader		628.560	544.561
Andre finanskostnader		26.776	30.991
<b>Netto finanskostnad</b>		<b>309.602</b>	<b>478.072</b>
Resultat før skattekostnad		2.420.013	- 190.981
Endring av utsatt skatt	10	- 617	-62.360
Betalbar skatt		- 622.400	0
<b>Årsresultat</b>		<b>1.796.996</b>	<b>- 253.341</b>
<b>Overføringer:</b>			
Avsatt til utbytte		530.000	240.000
Mottatt / ytt konsernbidrag		0	355.191
Overført til / frå annan eigenkapital		1.266.996	138.150
<b>Sum overføring</b>		<b>1.796.996</b>	<b>253.341</b>

## Eigedelar pr. 31.12.

<b>Eigedelar:</b>	<b>Note</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
<b>Immaterielle eigedelar:</b>			
Utsatt skattefordel	10	585.886	586.504
<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<b>585.886</b>	<b>586.504</b>
<b>Variege driftsmidler:</b>			
Tomter, bygningar og anlegg		15.767.410	16.322.949
Transportmidlar, maskiner og inventar		615.807	748.830
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>1</b>	<b>16.383.217</b>	<b>17.071.779</b>
<b>Finansielle anleggsmidler:</b>			
Eigenkapitalstilskot, KLP		263.924	237.305
Aksjer og andelar	3	1.008.800	1.008.800
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1.272.724</b>	<b>1.246.105</b>
<b>Omløpsmidlar:</b>			
<b>Varelager</b>	<b>5</b>	<b>1.835.000</b>	<b>1.790.000</b>
<b>Fordringar:</b>			
Kundefordringar	2	7.511.419	7.046.529
Mindreinntekt nett		2.558.000	0
Andre fordringar		46.522	22.650
<b>Sum fordringar</b>		<b>10.115.941</b>	<b>7.069.179</b>
Kasse, bank og postgiro	4	1.539.336	873.371
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>13.490.277</b>	<b>9.732.550</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>31.732.104</b>	<b>28.636.938</b>

## Gjeld og egenkapital pr. 31.12.

<i><b>Gjeld og egenkapital</b></i>	<i><b>Note</b></i>	<i><b>2010</b></i>	<i><b>2009</b></i>
<b>Eigenkapital:</b>			
Aksjekapital, 1.000 aksjar à kr.1.000,-		1.000.000	1.000.000
Overkursfond		266.704	6.266.704
Annan egenkapital		3.603.237	2.336.243
<b>Sum egenkapital</b>	<b>8</b>	<b>4.869.941</b>	<b>9.602.947</b>
<b>Gjeld:</b>			
<b>Langsiktig gjeld:</b>			
Ansvarleg lån, Sandøy Kommune		13.400.000	7.400.000
Pantegjeld		500.000	1.500.000
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>9</b>	<b>13.900.000</b>	<b>8.900.000</b>
<b>Kortsiktig gjeld:</b>			
Leverandørgjeld		3.967.378	1.570.236
Kortsiktig gjeld til dotterselskapet		4.080.508	4.393.040
Skuldig off. avgifter, feriepengar m.m.		3.761.877	3.455.715
Meirinntekt nett	6	0	475.000
Avsatt for utbytte		530.000	240.000
Betalbar skatt		622.400	0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>12.962.163</b>	<b>10.133.991</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>26.862.163</b>	<b>19.033.991</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>31.732.104</b>	<b>28.636.938</b>

6487 Harøy, 31. desember 2010.

31. mai 2011

**Annlaug Knardal Myklebust**  
-styremedlem-

**Nils Magne Abelseth**  
-styreleiar-

**Sigmund Haugen**  
-styremedlem-

**Eva Kristin Fjørtoft**  
-styremedlem-

**Frode Røren**  
-styremedlem

**Svein Ove Søholt**  
-adm.dir.-

# Noter

## Note nr. 1 – Oversikt over maskiner, bygg og anlegg:

Oversikta er splitta mellom monopolaktiviteten på den eine sida og øvrig verksemd på den andre.

Tekst	Nettverksemd (monopol)		Øvrig verksemd		Sum Selskap
	Transport, maskiner og inverntar	Bygningar og anlegg	Transport, maskiner og inverntar	Bygningar og anlegg	
Kostpris pr. 01.01.10	1.816.496	56.024.855	1.433.962	0	59.275.313
Investert i året	179.500	417.205	0	0	596.705
Årets avgang	0	0	0	0	0
Historisk kostpris	1.995.996	56.442.060	1.433.962	0	59.872.018
Akkumulert avskrivning	1.679.320	40.642.931	1.166.550	0	43.488.801
Bokført verdi 31.12.10	316.676	15.799.129	267.412	0	16.383.217
Årets avskrivning	219.690	972.744	92.833	0	1.285.267

	2006	2007	2008	2009	2010
Investeringar siste 5 år	969.845	3.604.281	1.159.877	2.831.971	596.705

## Note nr. 2 – Kundefordringar.

Kundefordringane er oppført til pålydane. Det er foretatt avsetningar for tap med kr. 35.280.

## Note nr. 3 – Aksjer og andelar.

Aksjekapitalen i Sandøy Energi AS er på 1 mill.kr., der samtlige aksjar er eigd av Sandøy Kommune.

Selskapet har følgende eigarandelar i andre selskap:

### Dotterselskap:

	Selskapets aksjekapital	Antall aksjer	Pålydande	Bokført
Sandøy Vindkraft AS	500.000	500	1.000	500.000

Sandøy Vindkraft AS er 100% eigd av Sandøy Energi AS.

Det er Sandøy Energi som står for administrasjonen i selskapet. Der er ingen handel eller interngevinster mellom selskapa, og det er heller ikkje utarbeidd konsernrekneskap.

Produksjonen vart satt i drift i desember 1999. Produksjonen i 2010 vart på 6,5 gWh. mot eit budsjett på 10,0 gWh. Resultat etter skatt vart på kr. 838.703,-.

Eigenkapitalen er på kr. 3.459.856,-.

Sandøy Energi AS har stilt pant og garantier for eit lån på kr.11.831.700 til Sandøy Vindkraft.

### Andre selskap:

Nordvest Kraft AS	8.470.000	50	10.000	500.000
Elsikkerhet Møre AS	600.000	44	200	8.800

Våren 2011 er Nordvest Kraft AS vedtatt solgt til Tafjord Kraftnett AS.

Aksjekapitalen i Elsikkerhet Møre AS vart i 2009 utvida med kr. 400.000 ved at Tafjord Kraftselskap AS og Tussa Kraft AS kjøpte seg inn i selskapet. Aksjekapitalen er delt likt mellom det opprinnelege eigarskapet, Tussa og Tafjord.

**Note nr. 4 – Bundne midlar:**

Av bankinnskot er kr. 415.441,- bundne skattetrekksmidlar.

**Note nr. 5 – Varelager.**

Varelager installasjon er auka med kr. 45.000,- til kr. 1.835.000,- pr. 31.12.10. Verdien av lageret er oppført etter kostpris (innkjøpspris).

**Note nr. 6 – Segmentinformasjon for monopolverksemda.**

Resultat for distribusjonsnettet for 2008	Tall i tusen kr.
Segmentinformasjon	Distribusjonsnett
<b>Resultat:</b>	
Driftsinntekter	11.470 +
Driftskostnader	9.992 –
<b>Driftsresultat</b>	<b>1.478 +</b>
<b>Meir- mindreinntekt</b>	
Faktisk inntekt	8.529 +
Tilbakeført meir- /mindreinntekt inkl. Renter	0 –
Kostnader i overliggende nett	3.363 –
Eigedomsskatt	440 –
<b>Justert faktisk inntekt</b>	<b>4.723 +</b>
Justert tillatt inntekt	7.815 –
KILE-kostnad	260 +
Sum avvik avskrivningar 2008/2010	62 -
Sum avkastning på avvik avkastningsgrunnlag	47 -
<b>Utrekna meir- / mindreinntekt</b>	<b>2.941 –</b>
Inngående saldi: Meir-/mindreinntekt inkl. renter pr. 01.01	403 +
Renter meirinntekt	0 +
<b>Akkumulert meir-/mindreinntekt pr. 31.12 inkl. renter</b>	<b>2538 -</b>
<b>Balanse</b>	
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 01.01	16.712
Sum driftsmidlar etter fordeling pr. 31.12	16.383
Gjennomsnittlege driftsmidlar	16.548
1% påslag for nettkapital	165
<b>”Avkastningsgrunnlag</b>	<b>16.713</b>
<b>”Avkastning”</b> (driftsresultat * 100 / avkastningsgrunnlag)	<b>8,84 %</b>

**Note nr. 7 – Løns- og personalkostnader.**

I årskiftet 2010/2011 var det ved energiverket 10 heiltidstilsette i fast stilling, 3 i deltidstilling og 1 lærling.

Selskapet sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i tråd med tariffavtalen i kommunal sektor. Fordi det blir foretatt ei fordeling av den akturamessige risiko mellom alle foretak, kommunane og fylkeskommunane som deltek i ordninga, tilfredsstillar den kriteria for det som vert kalla ein Multiemployer-plan. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer-planer er den rekneskapsførte årlege pensjonskostnaden i 2009 lik påkomen (netto) pensjonspremie. Framtidige premiar vil få innverknad av risikomessige over- eller underskot på noverande og tidlegare tilsette, både i selskapet og i andre kommunar/foretak som inngår i ordninga. Premien vil også vere påverka av avkastning, lønsvekst og utviklinga i folketrygda sitt grunnbeløp.

Spesifikasjon av lønskostnader:

Løner	6.722.610
Arbeidsgjevaravgift	811.418
Pensjonskostnader	859.919
Andre ytingar	135.431

Lønskostnader i samband med investeringar er aktivert med kr. 0,-

Det er gitt lån til tilsette med ein samla saldo på kr. 21.046,- og til tillitsvald med kr. 25.476,-

Totalt vart det utbetalt kr. 115.892,- i styrehonorar og kr. 646.013,- i løn til adm.direktør.

Revisjonshonorar vart utbetalt med kr. 50.000,-, og kr. 6.000,- i rådgjeving.

#### Note nr. 8 – Eigenkapitalen.

Tekst	Aksjekapital	Fond	Overkursfond	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.10	1.000.000	0	6.266.704	2.336.242	9.602.946
Resultat 2010				1.266.995	1.266.995
Kapitalnedskrivning /ansvarleg lån			-6.000.000		-6.000.000
<b>Eigenkapital 31.12.10</b>	<b>1.000.000</b>	<b>0</b>	<b>266.704</b>	<b>3.603.237</b>	<b>4.869.941</b>

#### Note nr. 9 – Pantstillingar/garantiar.

Selskapet har pantgjeld på kr. 500.000 pr. 31.12.10.

Det er oppretta likviditetsgaranti på 1 mill.kr. utan tidsavgrensing overfor Nordvest Kraft AS samt stilt garanti for eit lån til dotterselskapet Sandøy Vindkraft AS på kr. 10.250.947,-.

For garantien til Sandøy Vindkraft er det stilt pant i varelager som pr. årsskiftet var på kr. 1.835.000, kundefordringar kr. 7.511.500 og transportmidlar kr. 479.300. Lånetida er på 15 år og oppretta i 2003.

#### Note nr. 10 – Spesifikasjon av midlertidige forskjeller ved utgangen av rekneskapsåret.

	2010	2009
Driftsmidlar	- 2.189.437	- 2.105.368
Fordringar	+ 96.985	+ 10.710
Netto negativ forskjell	- 2.092.452	- 2.094.658
Utsatt skattefordel	585.886	586.504

Spesifikasjon over forskjellen mellom rekneskapsmessig resultat før skatt og årets skattegrunnlag.

	2010	2009
- Resultat før skatt	+ 2.420.013	- 190.980
+ Permanent forskjell	- 194.951	+ 58.500
+ Endring i midlertidige forskjeller	- 2.206	- 222.711
- Konsernbidrag	0	+ 355.191
- Årets skattegrunnlag	+ 2.222.856	0
Betalbar skatt 28%	+ 622.400	0
- Endring i utsatt skattefordel	+ 617	62.360
<b>- Endring i årets skattekostnad</b>	<b>623.017</b>	<b>62.360</b>

**KONTANTSTRAUMSANALYSE****i 1.000 kroner**

	2010	2009
<b>A. Resultat før skattekostnad</b>	2.420 +	190 -
+ Ordinære avskrivningar	1.285 +	1.173 +
- Betalbar skatt	0 -	0 -
<b>+ Tilført frå årets verksemd</b>	3.705 +	983 +
- Endring av lagerhald	45 -	480 +
- Endring av kortsiktige fordringar	2.721 -	1.339 -
+ Endring av leverandørgjeld	2.788 +	1.828 -
+ Endring av andre tidsavgrensa postar (KG)	1.226 -	1.624 +
<b>A=Netto likviditetsendring frå verksemda</b>	<b>2.501 +</b>	<b>80 -</b>
<b>B. Likvider tilført/brukt på investeringar</b>		
- Kjøp av aksjar o.l.	0	27 -
- Investert i varige driftsmidlar	596 -	2.847 -
+ Sal av driftsmidlar	0	0 +
<b>B=Netto likviditetsendringar frå investeringar</b>	<b>596 -</b>	<b>2.874 -</b>
<b>C. Likvider tilført/brukt på finansiering</b>		
+ Auka gjeld	1.000 -	1.500 +
- Ytt / utbet. utbytte	240 -	233 -
<b>C=Netto likviditetsendring frå finansiering</b>	<b>1.240 -</b>	<b>1.267 +</b>
<b>A+B+C Netto endring i likvider gjennom året</b>	665 +	1.687 -
+ Likviditetshandtering pr. 01.01	873 +	2.560 +
<b>= Likviditetshandtering pr. 31.12</b>	<b>1.538 +</b>	<b>873 +</b>

**Nøkkeltal:**

<b>Eigenkapitalprosent/ soliditeten</b>	$\frac{4.869.941 \times 100}{31.732.104}$	<b>2010</b> <b>15,34</b>	<b>2009</b> <b>33,53</b>
---------------------------------------------	-------------------------------------------	-----------------------------	-----------------------------